

## **Postpensjonistane i Sogn og Fjordane**

### **Referat frå styremøte på Skei fredag 11.3.2022**

#### **Møtestad: Thon Hotell**

#### **Møtet starta kl. 13.00.**

Tilstades: Jermund Fimreite – leiar  
Osvald Olsen - nestleiar  
Anders Vosseteig - økonomiansvarleg  
Oddny Rosenlid – sekretær/medlem i aktivitetsnemnda  
Grete Finnebotn – 2. varamedlem  
Hjalmar Fureli – 3. varamedlem/medlem i aktivitetsnemnda  
Anna Lunestad – leiar i aktivitetsnemnda

Fråver: Kjell Skår – styremedlem  
John Lien – 1. varamedlem

Møteleiar: Jermund Fimreite

Referent: Oddny Rosenlid

- Sakliste:
1. Åpning.
  2. Godkjenning av referat frå styremøte den 14.02.22.
  3. Årsmøte  
Gjennomgang av Årsmelding, Regnskap, Handlingsplan og Budsjett  
Forslag til møteleiar:  
Forslag til sekretær:  
Forslag på 2 til å skrive under møteboka:
  4. Ymse

#### **Sak 1.**

Jermund opna møtet med å ynskje alle velkomne. Ingen merknad til innkallinga.

#### **Sak 2.**

#### **Ingen merknad til referatet frå siste styremøte 14.02.22**

#### **Sak 3.**

Årsmeldinga har vore utsendt til styret og den er godkjent.

Rekneskapet er godkjent av styret. Handlingsplana er godkjent av styret. Budsjettet er oppsett og godkjent av styret.

Forslag til møteleiar er: Jermund. Forslag til sekretær er Oddny.

Forslag til 2 til å skrive under protokollen er: Turid Erdal og Britt Torvik. Det var 40 påmelde til årsmøtet, men nokre hadde meldt fråfall på grunn av sjukdom. Politisjef Arne Johannessen startar innlegget sitt kl 15.00. Leiar i Sogn og Fjordane Pensjonistforbund, Nils Gjerland får deretter ordet til orientering. Etter det, blir det loddsal og pause fram til kl 17.00.

**Vedtak:**

**Årsmøtet går som planlagt. .**

**Sak 4**

Det blir datakurs for nokre av styremedlemmene 22.-23. mars.

Det blir også datakurs for medlemmer i Pensjonistforbundet.

Det er kome invitasjon til fylkesårsmøtet i Sogn og Fjordane Pensjonistforbund 4.-5. april

Møtet slutt kl 13.50